



MØTEPROTOKOLL

Jærrådet

Møtestad: Klepp rådhus, formannskapssalen

Møtedato: 02.12.2016

Kl. 11.30 - 14.30

Saksnr: 20 - 28

Til stades:

Medlemmer / varamedlemmer:

Ordfører, varaordfører og rådmann i Gjesdal kommune

Ordfører, varaordfører og rådmann i Hå kommune

Ordfører, varaordfører og rådmann i Klepp kommune

Ordfører og rådmann i Sandnes kommune

Varaordfører, Bjarne Undheim (vara for ordfører) og rådmann i Time kommune



SAKSLISTE

Saksnr.	Tittel
20/16	ORIENTERING - GREATER STAVANGER
21/16	ORIENTERING - REGION STAVANGER
22/16	MØTEPROTOKOLL 30.09.16 - GODKJENNING
23/16	INTERKOMMUNALT SAMARBEID
24/16	OMKLASSIFISERING AV FYLKESVEGAR
25/16	DOBBELTSPOR JÆRBANEN - VIDARE ARBEID ETTER HØYRING AV SILINGSRAPPORTEN
26/16	8. MAI - MARKERING AV VETERANDAGEN - JÆRKOMMUNENES ROLLE M.M.
27/16	MØTEPLAN 2017
28/16	EVENTUELT

Saksnr. 20/16 Arkivsak: 16/3940
ORIENTERING - GREATER STAVANGER

Adm.dir. Kristin Reitan Husebø orienterte Jærrådet om Greater Stavanger sitt arbeid.

Saksnr. 21/16 Arkivsak: 16/3940
ORIENTERING - REGION STAVANGER

Reiselivsdirektør Elisabeth Saupstad orienterte om Region Stavanger sitt arbeid.

Saksnr. 22/16 Arkivsak: 16/3940
MØTEPROTOKOLL 30.09.16 - GODKJENNING

Jærrådet godkjente møteprotokollen frå møtet 30.09.2016.

Saksnr. 23/16 Arkivsak: 16/3940
INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Rådsmannen i Time Brit N. Edland informerte om status for arbeidet. Rådsmennene jobbar vidare med dette og kjem tilbake med ny statusrapport til møte i Jærrådet 17.februar 2017.

Saksnr. 24/16 Arkivsak: 16/3940
OMKLASSIFISERING AV FYLKESVEGAR

Jærrådet tok saka til orientering.

Jærrådet skriv brev til fylkeskommunen med tanke på møte mellom kommunane og fylkeskommunen om omklassifisering av fylkesvegar.

Saksnr. 25/16 Arkivsak: 16/3940
DOBBELTSPOR JÆRBANEN - VIDARE ARBEID ETTER HØYRING AV SILINGSRAPPORTEN

Vedtak:

1. Jærrådet meiner at silingsrapporten la eit godt grunnlag for å gå vidare med planarbeid på reguleringsplannivå. Kommunane i Jærrådet har behov for ei rask avklaring av plansituasjonen for at ikkje investeringar i framtidsretta landbruk og fortetting rundt stasjonane stoppar opp.
2. Offentleggjing av silingsrapporten har ført til ein del uro i lokalmiljøet fordi det er vanskeleg å forhalde seg til breie og lause korridorar. Det er difor avgjerande å konkretisere og avklare ein endeleg trasé for dobbeltsporet gjennom reguleringsplan så snart som råd. Ein uavklart plansituasjon vil gi store negative effekter på utviklinga.

3. Lokal og regional utvikling krev ein snarleg og forutsigbar arealdisponering. Innføring av «kjerneområdet for landbruk» og ei streng langsiktig grense for landbruk rundt tettstadane medfører til at vidare utbygging skal skje langs Jærbanen. Kommuneplanane legg opp til høg arealutnytting langs banen. At Jærbanen får høg frekvens og blir ein attraktiv konkurrent til bilen er avgjerande for å lukkast med fortetting og høg arealutnytting, i tråd med regionalplan for Jæren.

Saksnr. 26/16 Arkivsak: 16/3940

8. MAI - MARKERING AV VETERANDAGEN - JÆRKOMMUNENES ROLLE M.M.

Jærrådet v/leiar sender brev til Forsvaret / NIVO der ein ber om at det blir eit felles arrangementet og at arrangementet blir lagt til eit tidspunkt der alle kan delta.

Leiar Ane Mari Braut Nese representerer Jærrådet i møte mellom Stavanger kommune, Forsvaret og NVIO for å planleggje veterandag.

Saksnr. 27/16 Arkivsak: 16/3940

MØTEPLAN 2017

17. februar	09.00 – 12.00	Time kommune
24. mars	09.00 – 12.00	Sandnes kommune
02. juni	09.00 – 12.00	Gjesdal kommune
20. oktober	09.00 – 12.00	Hå kommune
01. desember	09.00 – 12.00	Klepp kommune

Saksnr. 28/16 Arkivsak: 16/3940

EVENTUELT

Planprogram for ny E 39 Sandnes - Lyngdal

Jærrådet v/ordførarane sender brev til Samferdselsministeren.

Kopi av brevet vert sendt til:

Jærrådet, Jærbladet, Stavanger Aftenblad, Sandnesposten og Gjesdalsbuen.

Neste møte i Jærrådet:

17. februar 2017 i Time kommune.